

---

**Frå:** Nils Kvalvågnes <nils.kvalvagnes@gmail.com>  
**Send:** fredag 24. mai 2019 09:17  
**Til:** Siril Therese Sylta; Tommy Veland  
**Kopi:** jorunn.h.kvalvagnes  
**Emne:** Bed om møte med saksansvarlege - Vedkomande klage på ferdigattest m.v. gbnr 188/757 -

Hallo

Syner til klagesak frå oss vedkomande ferdigattest og seksjoneringsvedtak for parkeringskjellaren i bustadbygget Knarvikparken - gbnr 188/757.

Syner og til vårt ønskje om møte i same sake sendt Dykk 15.04.2015 og dykkar avvising av vårt ønskje om møte i dykkar svar til oss 13.05.19.

Sidan dykkar avvisingsvedtak (18/13 - 19/14575 og 16/162 - 14529)i saka som gjeld klagesak -gnr 188 bnr 757 - parkeringsvilkår. oversendt Lindås kommune som rett instans frå Fylkesmannen Vestland ser ut til å grunna i sviktande kjennskap til sakshistorikk og saka sine realitetar, bed me på ny om møte med saksansvarlege i kommunen.

Dette gjeld møte saksansvarleg Siril Sylta for byggesaka "Rammeløyve for oppføring av bustadbygg med 36 husvære med parkeringskjellar - gbnr 188/757 - Knarvik" SirilSylta og med saksansvarleg for seksjonering av gbnr 188/757 - Knarvikparken Kvassnesvegen 57 - Knarvik, Tommy Veland.

Grunnlaget for møtet er å oppklara fakta i saka, m.a. kvifor Lindås kommune har gitt løyve til seksjonering av fleire enn dei 36 parkeringsplassane som kan leggjast som tilleggsseksjon til dei 36 leilegheitene når kommunen i rammeløyvet og i sakshandsaminga rundt dette har kravd 13 fleire parkeringsplassar enn tal leilegheiter/seksjonar? J.f. Eierseksjonslova per 2016 §6.

Med bakgrunn i dette seksjoneringsvedtaket (og utskrivning av ferdigattest for parkeringskjellaren, held no utbygger Stoltz bolig AS på med å selja ut alle gjeste/besøkparkeringsplassane i parkeringskjellaren. Det vil då berre vera 2 gjeste-/besøkparkeringsplassar att av kommunen sitt krav om 13 plassar i tillegg til dei 36 tilhøyrande leilegheitene.

I skriv til kommunen dat. 09.04.19 har eg bede om at kommunen straks trekkjer tilbake ferdigattesten for parkeringskjellaren med grunnlag i feil opplysningar i søknad om ferdigattest frå utbygger Stoltz bygg AS. Dette må skje straks då kommunen elles kan bli stilt til ansvar for manglande oppfølging av ferigkrava i rammeløyvet og tap dette påfører seksjonseigarar og sameiget Knarvikparken.

Sjå elles brev frå Fylkesmannen om klagebehandling av min klage med vedlagt klageskriv vedr utbygger si manglande oppfyllinhg av parkeringskrav i rammeløyvet og feil i seksjoneringsvedtak gjeldande seksjon 37 - parkeringskjellar bustadblokka Knarvikparken, gbnr 188/757 grunna feil opplysningar om tal parkeringsplassar som skal leggjast til dei 36 leilegheitene/eigarseksjonane som tilleggsdel.

Helsing Jorunn og Nils Kvalvågnes